DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

# (MØTEBOK)

# FELLESRÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Martin Karlsen og Hilde Koppen.

Kommunal representant: Gidske Borge Kolltveit.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 12/26 – 15/26

| F 12/26 | **GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 17.03.2026** |
|---|---|
| **Vedlegg:** Møtebok 17.03 og innkalling 27.05 | Det kom innspel om at alle varamedlem skal få tilsendt innkalling og sakspapir kvar gong. Det vert presisert om dei i tillegg vert kalla inn. Det er og ønske om at referat vert sendt ut tidlegare. Jostein sender ut sin kladd like etter møtet. Den kan bli revidert, og endeleg referat vert sendt saman med innkalling til neste møte. |
| **Vedtak:** | **Referat godkjent.** |

| F 13/26 | **ORIENTERINGAR** |
|---|---|
| | - Søknaden om utvida opningstider på Fedje vart avslått<br>- Det vert nye lyskastarar rundt kyrkja til hausten<br>- Etter nytt vedtak i kommunestyret har Fedje sokn fått innvilga lån til varmepumpene<br>- Fedje sokn vert med i beredskapsrådet |

| F 14/26 | **DUGNAD** |
|---|---|
| | Det vert satt opp datoar for dugnad i og rundt kyrkja der vi må både melde oss til innsats, samt prøve å få med fleire. |

| | |
|---|---|
| **Vedtak:** | **Tone finner nye datoar. Evy sender ut melding. Meld tilbake om du kan eller ikkje kan stille, eller om du har fått tak i nokon til å hjelpe. Lista vert spesifisert med oppgåver. Evy kjøper inn aktuelt utstyr.** |

| F 15/26 | **NOMINASJONSKOMITE** |
|---|---|
| | Bakgrunn:<br>Det må opprettast ein nominasjonskomite som skal jobbe med soknerådslista fram til valget neste haust. Fristen for ferdig liste er april.<br><br>AU har utfordra Monica Thomassen Waage, Oddvar Husa og Ishbel Salte.<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>*Monica Thomassen Waage, Oddvar Husa og Ishbel Salte er valgt til nominasjonskomite for soknerådsvalget 2027.* |
| **Vedtak:** | **Monica Thomassen Waage, Oddvar Husa og Ishbel Salte er valgt til nominasjonskomite for soknerådsvalget 2027. Alle har sagt ja til å stille. Soknerådet stiller seg bak. Jostein sender ut innkalling.** |

# (MØTEBOK)

# SOKNERÅDSSAKER

Medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Monica Thomassen Waage, Stein Hugo Fykse og Jostein Hauge.

Varamedlemmer: Frøydis Rognsvåg Hansen og Elisabeth Pedersen Husa.

Ikkje møtt: Martin Karlsen og Hilde Koppen.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

Saksoversikt: S 09/26 – S 14/26

| S 09/26 | **GODKJENNING AV INNKALLINGA OG TILBAKEBLIKK PÅ REFERATET FRÅ 17.03.26** |
|---|---|
| Vedlegg: Referat 17.03 og innkalling 27.05 | |
| **Vedtak:** | **Referat godkjent utan merknader.** |

| S 10/26 | **ORIENTERINGAR** |
|---|---|
| | Det vert felles kyrkjekaffi med Austrheim og Fedje når prosten kjem 30. august på si siste gudsteneste før han pensjonerer seg. Austrheim har gudsteneste kl. 12.00 og kjem ut med ferga 13.50 til Fedje. Så vert det kyrkjekaffi i Fiskarheimen kl. 14.30. Gudstenesta starta kl. 16.30. |
| **Vedtak:** | **AU har ansvaret for kyrkjekaffien saman med AU på Austrheim.** |

| S 11/26 | **50-51 ÅRSKONFIRMANTAR** |
|---|---|
| | AU meiner at soknerådet ikkje skal lage til middag i etterkant av gudstenesta. AU meiner me kan lage til ein flott kyrkjekaffi og opne for at nokon kan dele nokre ord.<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>*Soknerådet lagar ikkje til middag i etterkant av 50- og 51-årskonfirmantfeiring. Det vert i staden laga til ein flott kyrkjekaffi.* |
| **Vedtak:** | **Soknerådet lagar ikkje til middag i etterkant av 50- og 51-årskonfirmantferiing. Det vert i staden laga til ein flott kyrkjekaffi.** |

| S 12/26 | **LISTE FOR OPEN KYRKJE** |
|---|---|
| Vedlegg: | Me må fordele kven som har ansvar for dei forskjellige vekene.<br>Veke 26 – 33, frå skuleslutt til skulestart.<br>Gidske stiller gjerne opp både med ein veke og som vikar. |
| **Vedtak:** | **26: Monica**<br>**27: Stine**<br>**28: Gidske**<br>**29: Oddvar**<br>**30: Gidske/Frøydis**<br>**31: Frøydis/Gidske**<br>**32: Hilde**<br>**33: Odd-Arild** |

DEN NORSKE KYRKJA
Fedjekyrkja

| S 13/26 | **UTTALE OM TILSETJING AV NY PROST** (unntak frå innsyn) |
|---|---|
| | Bakgrunn:<br>Prost Helge Taranrød skal pensjonere seg og stillingen er lyst ut. Det er fleire søkjarar til stillinga, men det er 2 som har vore til intervju. Me skal gå gjennom kandidatane i møtet og kome med vår uttale om kven vi ønskjer som ny prost i Nordhordland. |
| **Vedtak:** | **Vedtak unnateke frå offentleg innsyn.** |

| S 14/26 | **EVENTUELT** |
|---|---|
| | ABC-midlar frå kommunen. Vi kan få midlar frå kommunen om vi vil starte aktivitetar i kommunen. Treng ikkje gjere det før sommaren, men kan få t.d. pengar til laurdagsgraut, om me serverer. |